



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet

Møtedato: 13.02.2020

Møtetid: Kl. 13:00 - 14:40

Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Knut Harald Frøland	Bl
Oddrun Lemme Sandvin	Fagforbundet
Linda Haug Kollbotn	Frp
Gunn Totland Moss	KrF
Øyvind Røen	Sp
Tove Mette Amundsen	Utd.forbundet

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Björg Tvedterås	Fagforbundet	Heidi Gjerde	Fagforbundet
Øyvind Strømmen	MDG	Shirin Kvernes Khadoor	Ap

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Anette Følid, HR-leiar
- Jan Erik Boge, leiande rådgjevar

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 26.02.2020

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
leiande rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2020	20/116	Faste saker	
002/2020	19/251	Revisjon av personalvedtektene	

SAKNR. 001/2020: Faste saker

13.02.2020 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Heidi Gjerde (Fagforbundet) hadde ein merknad til møteinnkallinga. Merknaden gjekk på at møteinnkallinga ikkje var sendt til varamedlemmene i administrasjonsutvalet. Administrasjonen fekk i oppgåve å gå gjennom rutinane for utsending av møteinnkallingar.

Orienteringssaker:

Anette Følid og Jan Erik Boge orienterte kort om følgjande saker:

- Eining for teknisk drift og eining for teknisk forvaltning er med verknad frå 01.01.2020 samla i ei felles eining (eining for samfunnsutvikling). Hilde-Lill Våge er einingsleiar.
- Kulturavdelinga, sørvissenteret og NAV er med vernad frå 01.02.2020 samla i ei felles eining (eining for innbyggarservice). Meline Heimdal Haugland er einingsleiar.
- Harald Ramm Salbu har sagt opp stillingsdelen sin som einingsleiar helse, og slutta i denne stillingsdelen med verknad frå 01.02.2020. Han skal halda fram både som kommuneoverlege og fastlege i Samnanger. Stillinga som einingsleiar helse er lyst ut internt i kommunen, men det er framleis ikkje bestemt kven som skal tilsetjast.

Utvalet sitt kvarter:

Slutt på ordning med tilsetjingsutval

Heidi Gjerde (Fagforbundet) viste til at kommunen med verknad frå 01.01.2020 ikkje lenger har ordning med tilsetjingsutval, og uttrykte bekymring for dette. Som følgje av at denne endringa har dei tillitsvalde ikkje lenger stemmerett ved tilsetjingar. Vedtaksmynde ligg no til rådmannen og einingsleiarane. Bakgrunnen for endringa er at i den nye kommunelova er tilsetjingsmynde lagt til rådmannen, ikkje til kommunestyret.

Anette Følid sa at ho syns det er bekymringsverdig at den nye ordninga blir kritisert av Fagforbundet før det er gjort eit einaste tilsetjingsvedtak etter den nye ordninga, og at ho oppfatta det som at Fagforbundet ikkje har tillit til leiarane i kommunen. Ho orienterte vidare om at dei tillitsvalde vil verta involvert i tilsetjingsprosessane på same måte som tidlegare, sjølv om kommunen ikkje lenger skal ha ei tilsettingsutval.

Administrasjonen fekk i oppgåve å gje ei orientering om juridiske forhold knytt til endringa i kommunelova på neste møte i administrasjonsutvalet. Administrasjonen må der avklara kva handlingsrom kommunen har når det gjeld organisering av/vedtaksmynde i tilsetjings saker, mellom anna om det framleis er høve til å ha eit partssamansett tilsetjingsutval med vedtaksmynde.

ADM- 001/2020 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2020: Revisjon av personalvedtektene

13.02.2020 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Jan Erik Boge gjekk orienterte innleiingsvis om saksgangen til no. Etter dette gjekk han gjennom nokre punkt i rådmannen sitt framlegg til reglement m.m. på personalområdet.

Administrasjonsutvalet vedtok å tilrå følgjande endringar i forhold til rådmannen sitt framlegg:

Etiske prinsipp for tilsette i Samnanger kommune, punkt 3

Administrasjonsutvalet vedtok samrøystes følgjande fellesframlegg til endring i punkt 3:

- Punkt 3 b i framlegget vert fjerna. Det vil seie at følgjande setning vert fjerna: "*I tenestesamanheng setja lojalitet til arbeidsgjevar føre lojalitet til andre.*"

Reglement for påskjøning av tilsette i Samnanger kommune, punkt 4.1

Administrasjonsutvalet vedtok samrøystes følgjande framlegg frå Linda Haug Kollbotn (Frp) til endring i punkt 4.1.

- Ved markering av 40 års teneste i kommunen vert verdien på gåve til den tilsette auka frå 25 gongar påskjøningsfaktor (4 125 kroner) til 36 gongar påskjøningsfaktor (5 940 kroner).

Reglement for påskjøning av tilsette i Samnanger kommune, punkt 6

På bakgrunn av forslag frå Heidi Gjerde (Fagforbundet) vart det diskutert om kommunen skal ha ordning med blomehelsing og/eller fri med lønn ved 30- og 40-årsdagar (i tillegg til ved 50-, 60- og 70-årsdagar). Administrasjonsutvalet tok ikkje stilling til dette. I staden vart det samrøystes vedteke å senda saka vidare til kommunestyret utan tilråding på dette punktet. Det vert derfor opp til kommunestyret å avgjera om kommunen skal innføre ordning med blomehelsing og/eller fri med lønn ved 30- og 40-årsdagar.

Telefonreglement for tilsette i Samnanger kommune, diverse punkt der formuleringa "IKT-koordinator" er brukt

Det var semje i administrasjonsutvalet om at formuleringa/stillingstittelen "IKT-koordinator" ikkje skal brukast i reglementet, og at administrasjonen får i oppgåve å justera teksten i forhold til dette.

Permisjonsreglar for tillitsvalde

Oddrum Lemme Sandvin (Fagforbundet) stilte spørsmål til punkt 9.1 i framlegget til permisjonsreglement. Der er det foreslått at plasstillitsvalde kan få permisjon med lønn i inntil 10 dagar pr. kalenderår for å gjennomføre faglege kurs. Oddrum Lemme Sandvin viste til at det i Hovudavtalen (del B, § 3-5 bokstav c) er ein regel om permisjon med lønn i inntil 12 arbeidsdagar pr. år. Administrasjonen fekk i oppgåve å sjekka om dette punktet gjeld for plasstillitsvalde i samband med faglege kurs, og i så fall justera punkt 9.1 i framlegget til permisjonsreglement.

Andre forhold/punkt som vart diskutert under handsaminga

Det vart stilt spørsmål om kva vilkår som vil gjelda for lærarar som tek vidareutdanning og får økonomisk støtte/frikjøp gjennom sentrale ordningar som Utdanningsdirektoratet administrerer. Spørsmålet er om desse lærarane vil koma inn under dei nye reglane i permisjonsreglementet om om bindingstid på inntil to år. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøkje om kommunen har høve til å påleggja bindingstid for slik utdanning.

Under diskusjonen om framlegget til telefonreglement tok Tove Mette Amundsen (Utdanningsforbundet) opp at det manglar varslingsystem på barneskulen. Ho spurde om det er etter forskriftene at tilsette brukar/må bruka private mobiltelefonar for varsling i kritiske situasjonar. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet.

Det vart til slutt røysta over heile rådmannen sitt framlegg til vedtak, med dei endringane som var vedtekne av administrasjonsutvalet. Med desse endringane vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

ADM- 002/2020 Vedtak:

Samnanger kommune sine noverande personalvedtekter vert sette ut av kraft frå og med 05.03.2020, med unnatak av kapittel 3 (*Generelle personalvedtekter*).

Kommunestyret vedtek framlegga til følgjande retningslinjer, prinsipp og reglement, som vert gjort gjeldande frå og med 05.03.2020:

- Personalpolitiske retningslinjer
- Etske prinsipp for tilsette
- Permisjonsreglement
- Arbeidstids-/fleksitidsreglement
- Reglement for påskjøning av tilsette
- Telefonreglement

Det vert gjort følgjande endringar i forhold til rådmannen sitt framlegg:

- Punkt 3 b i framlegget til etiske prinsipp for tilsette vert fjerna. Det vil seie at følgjande setning vert fjerna: "*I tenestesamanheng setja lojalitet til arbeidsgjevar føre lojalitet til andre.*"
- I punkt 4.1 i framlegget til reglement for påskjøning av tilsette vert verdien av gåve til tilsette ved markering av 40 års teneste auka frå 25 gongar påskjøningsfaktor (4 125 kroner) til 36 gongar påskjøningsfaktor (5 940 kroner).
- I telefonreglementet skal omgrepet "IKT-koordinator" ikkje brukast. Administrasjonen får i oppgåve å justera teksten i forhold til dette.

Med verknad frå 06.03.2020 vert vedtaksmynde for permisjonsreglementet, arbeidstids-/fleksitidsreglementet og reglementet for påskjøning av tilsette delegert frå kommunestyret til administrasjonsutvalet. Denne delegeringa omfattar ikkje fullmakt til å gjera endringar i arbeidstida pr. veke for tilsette i kommunen. Det vert frå same dato gjort følgjande endringar i kommunen sitt delegeringsreglement:

- Punkt 8.1, andre avsnitt vert endra til: «*Administrasjonsutvalet gir innstilling til kommunestyret om personalpolitiske retningslinjer, etiske prinsipp for tilsette og del I (overordna del) av lønspolitisk plan for Samnanger kommune.*»
- Punkt 8.2 bokstav c vert endra til: «*Vedtaksmynde for permisjonsreglement, arbeidstids-/fleksitidsreglement og reglement for påskjøning til tilsette. Denne delegeringa omfattar ikkje fullmakt til å gjera endringar i arbeidstida pr. veke for tilsette i kommunen.*»
- Punkt 8.2 bokstav e vert endra til: «*Gjera vedtak om nødvendige tolkingar/presiseringar i dei personalpolitiske retningslinjene og etiske prinsippa for tilsette dersom det er behov for dette.*»

Med verknad frå 06.03.2020 vert vedtaksmynde for telefonreglementet for tilsette delegert frå kommunestyret til rådmannen. Det vert frå same dato (06.03.2020) gjort følgjande endring i delegeringsreglementet:

- Punkt 19.2.4 bokstav h vert endra til: «*Fullmakt til å vedta telefonreglement for tilsette og gjera vedtak om telefonordning for tilsette.*»

Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å inngå avtale med dei tillitsvalde om arbeidsreglement, basert på forslaget til arbeidsreglement som er utarbeidd. Fram til det er inngått slik avtale gjeld

kapittel 3 i dei noverande personalvedtektene.

Rådmannen har vedtaksmynde for tilsettingsreglement, jf. vedtak i kommunestyret 05.12.2019 i sak 077/2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sine noverande personalvedtekter vert sette ut av kraft frå og med 05.03.2020, med unnatak av kapittel 3 (*Generelle personalvedtekter*).

Kommunestyret vedtek framlegga til følgjande retningslinjer, prinsipp og reglement, som vert gjort gjeldande frå og med 05.03.2020:

- Personalpolitiske retningslinjer
- Etiske prinsipp for tilsette
- Permisjonsreglement
- Arbeidstids-/fleksitidsreglement
- Reglement for påskjøning av tilsette
- Telefonreglement

Med verknad frå 06.03.2020 vert vedtaksmynde for permisjonsreglementet, arbeidstids-/fleksitidsreglementet og reglementet for påskjøning av tilsette delegert frå kommunestyret til administrasjonsutvalet. Denne delegeringa omfattar ikkje fullmakt til å gjera endringar i arbeidstida pr. veke for tilsette i kommunen. Det vert frå same dato gjort følgjande endringar i kommunen sitt delegeringsreglement:

- Punkt 8.1, andre avsnitt vert endra til: «*Administrasjonsutvalet gir innstilling til kommunestyret om personalpolitiske retningslinjer, etiske prinsipp for tilsette og del I (overordna del) av lønspolitisk plan for Samnanger kommune.*»
- Punkt 8.2 bokstav c vert endra til: «*Vedtaksmynde for permisjonsreglement, arbeidstids-/fleksitidsreglement og reglement for påskjøning til tilsette. Denne delegeringa omfattar ikkje fullmakt til å gjera endringar i arbeidstida pr. veke for tilsette i kommunen.*»
- Punkt 8.2 bokstav e vert endra til: «*Gjera vedtak om nødvendige tolkingar/presiseringar i dei personalpolitiske retningslinjene og etiske prinsippa for tilsette dersom det er behov for dette.*»

Med verknad frå 06.03.2020 vert vedtaksmynde for telefonreglementet for tilsette delegert frå kommunestyret til rådmannen. Det vert frå same dato (06.03.2020) gjort følgjande endring i delegeringsreglementet:

- Punkt 19.2.4 bokstav h vert endra til: «*Fullmakt til å vedta telefonreglement for tilsette og gjera vedtak om telefonordning for tilsette.*».

Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å inngå avtale med dei tillitsvalde om arbeidsreglement, basert på forslaget til arbeidsreglement som er utarbeidd. Fram til det er inngått slik avtale gjeld kapittel 3 i dei noverande personalvedtektene.

Rådmannen har vedtaksmynde for tilsettingsreglement, jf. vedtak i kommunestyret 05.12.2019 i sak 077/2019.